

HEGGELINUTEN - LEKNESNEPO - KYRKJESTEINEN

"Alle 30" - turframlegg nr 3:

I fjellet mellom Skånevik og Etne har du mange moglege val om du vil "plukka" nuteringar. Eg tek utgangspunkt i Postvegen. Her spasserer du på god grusveg oppover til Varleitet. Rett før toppen tek du opp mot nuten til høgre - Heggelinuten 5 -10 minutt frå stien. Der har Skånevik IL ei av sine "5 på Topp". Herfrå går du rett ned til demninga til du møter merka løype inn til Leknesnepo. Når du er på nuten her har du gått i to til 2 1/2 time. Her tek du fyrste matpause med fantastisk utsikt mot Skåneviksfjorden, Halsnøy, Taraldsøy Vannestangen og Stord.

Så held du høgda og går sørvestover, og finn snart ei li der det er råd til å koma ned på myrene du ser før du startar nedstigninga. Du har sjølv sagt med deg kjentmann, eller kart. Du går over ein liten bekk og kjem inn på ein lett raudmerka løype - framleis mot sørvest. Kyrkjesteinen er diger og ligg på eit flott heiplatå. Har du meir kaffi, tek du den her. Her er verkeleg vakkert terreng!

Frå Kyrkjesteinen er det merka løype ned til Mortveit. Turtid: mellom 4 og 6 timar - alt etter som.

Kontaktmann: Gisle Sellevold: 47339600 eller e-post: egsellev@online.no